



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 8.1.24

Til Lærdal kommune

GJELD SØKNAD FRÅ ØSTFOLD ENERGI OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNALE PLANAR I SAMBAND MED BYGGING AV GRAVDALEN KRAFTVERK

Villreinutvalet syner til brev frå Lærdal kommune v/Monika Lysne datert 3.12.23, der det vert bede om synspunkt på Østfold Energi sin søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Lærdal og føresegnene til denne.

Villreinutvalet vil peika på at tiltaket ligg i eit område med særskilte viktige villreintrekk, slik fleire andre instansar og har peikt på gjennom konsesjonsprosessen. Når tiltaket likevel har fått konsesjon og godkjenning av utsett byggjefrist, er denne søknaden om dispensasjon truleg meir å rekna som ein formalitet som må på plass før anleggsarbeidet kan starta opp. Villreinutvalet vil likevel oppmoda kommunen om å presisera følgjande, dersom det er høve til å stilla vilkår for dispensasjonen:

- Anleggsvegen som skal opprustast ned til kraftstasjon og tipp vil verta eit betydeleg inngrep, og må utformast på ein slik måte at det ikkje oppstår nye vandringshinder for reinsdyra (bratte skjeringar, fyllingar eller autovern)
- Denne veggen må stengast med bom, for å hindra at det oppstår ny trafikk på nyopprusta veg.
- Dei strenge vilkåra som elles er sette i konsesjonen med sikte på å ta vare på reinstrekket må følgjast opp så godt som råd.
- Krav frå lokal villreinformvaltning og Nordfjellakommunane er at reetablering av ei villreinstamme i sone 1 kjem i gang vinteren 2024/25. Det kan altså ha kome rein inn att i området før anleggsperioden er avslutta, dersom statlege styresmakter oppfyller dette kravet. Difor må ein plan eller «manual» for innstilling av arbeidet når/dersom rein nærmar seg anleggsstaden vera på plass før anlegget startar opp.

For Villreinutvalet for Nordfjella

Sigurd Vikesland
-leiar-

Harald Skjerdal
-sekretær-

Kopi: Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell v/Hermund Mjelstad